



Dato: 21.08.2019

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saknr
Eidfjord Fjellstyre	26.08.2019	

Opning for rypejakt 2019

Dokument i saka:

Dok.dato Tittel

21.08.2019	Hønsefugltaksering 2019
21.08.2019	Rapport_Rype_Eidfjord_Fjellstyre_2019
21.08.2019	Innspel til resultat frå hønsefugltaksering 2019
21.08.2019	Resultat for årets taksering
21.08.2019	Rapport_Ovre_Numedal_Fjellstyre_2019

Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:

Ordningane for 2019:

- Det vert opna for jakt med hund frå 23.09.
- Det vert opna for jaktkortsal til innanbygds frå 23.09.
- Kortsalet frå 1. oktober vert avgrensa til 25 kort om gongen. Det vert berre selt 2 dagars kort.

Vedlagt:

Resultat av taksering
Innspel frå Asle Øydvinn

Særutskrift skal sendast til:

Heimesida
HF

Saka gjeld:

Resultatet frå årets rypetaksering ligg føre. Fjellstyret har vedteke at avgjer om det vert opna for jakt skal gjerast etter taksering. Resultat følgjer av tabellen under.

Fjellstyret har tidlegare sett ei grense på 8 rype/km² for at det skal opnast for rypejakt. Det har ikkje vore sett grense for produksjonen i form av tal kyllingar/høne.

Asle har kome med innspel i tillegg til takseringsresultatet med grunnlag i erfaring frå Søre Bjoreidalen:

- Ein del omlagte kull som medfører ein del pipkyllingar.
- Dårligare produksjon på fjellrypa enn på lirypa.

Takseringsresultat		
	ryper/km ²	Tal kyllingar /høne
2007	8	2,6
2008	4	2,9
2009	3	2,6
2010	4	7,5
2011	7	5,2
2012	2	1,7
2013	3	4,3
2014	11	9,8
2015		1,2
2016	2	3,6
2017	10,1	4,4
2018	12,7	4,8
2019	8,3	2,9

Vurdering:

Tettheiten av rype/km² er innanfor det fjellstyret har vedteke som nedre grense.

Samstundes er produksjonen låg, 2,9 kylling/høne, noko som gir lite produksjon av eit haustingsgrunnlag dersom ein ikkje skal hauste av stamfuglen.

Takseringsmannskap har og rapportert om pipkyllingar, og har avbrutt taksering på grunn av ekstemnedbør for å spara små kyllingar.

Gjennom å halda på ein god stamfuglstamme er det eit håp om betre produksjon neste år. Samstundes er dette utfordrande når det i fleire naboterreng ikkje vert teke omsyn på denne måten. Resultatet kan verta at Eidfjord bidreg til påfyll av biotopar i naboterreng før det resulterer i meir fugl på Eidfjord. Ideelt sett bør det vera semje om forvaltningsordningar for større samanhengande område.

Det er, slik tilbakemeldingane er, lågare produksjon for fjellrypa enn lirypa. Dette er og utfordrande i form av at det vert tildelt flest kort for jakt utan hund. Mellom dei er det nok flest som jaktar fjellrype. Fjellrypa er lettare å finna i terrenget for støkkjegeren. Samstundes er det nok i eit skotaugneblikk vanskeleg å avgjera om det er lirype eller fjellrype det vert skote på. Trur nok det er vanskeleg å freda fjellrypa og forventa 100% oppfølging av eit slikt pålegg. Jegeren som jaktar med hund jaktar nesten utelukkande på lirypa. Det er den første jakttida at rypa normalt trykker hardt og gjer den lett å jakta på. Etter 1. oktober er veret ein viktigare faktor og normalt er rypa da vanskelegare å jakta. I tillegg har seint klekte kyllingar rukke å bli godt flygedyktige.

Småviltjaktreglane har følgjande råme for tildeling:

Periode/ Område	1. periode 15.09-23.09	2. periode 23.09-30.09
Område 1	6 jegerar u/hund	5 jegerar u/hund 3 jegerar m/hund
Område 2	15 jegerar u/hund	10 jegerar u/hund 7 jegerar m/hund
Korttypar	Vekekort	Vekekort

Talet kort er lågt i forhold til arealet og i tillegg er det reglar for at det ikkje er lov å skyta meir enn 2 ryper per dag. I tillegg til denne råma kjem innanbygds jegerar som det ikkje er avgrensing på talet for.

Kortsalet frå 1. oktober har føregått via inatur og har vore fritt. Det er mogleg å avgrensa kortsalet her i form av kor mange kort som kan seljast til ein kvar tid. Da vert det «fyrstemann til mølla-prinsippet».

Slik forvaltninga av jaktkorta er lagt opp er det søknadsfrist 1. april for tildeling av jaktkorttilbod i tida 15. september til 1. oktober. Det er føreteke trekking av søkjarar og denne lista ligg tilgjengeleg på heimesida. Jaktkort vert eventuelt tildelt etter at det er fatta vedtak om at det vert jakt.

Ordninga er laga slik for at jegerane skal kunna planleggja hausten i rimeleg tid. Rypejakta er ein sosial aktivitet for dei fleste. Tildeling av jakttilbod tek omsyn til dette og gir jaktlag same tilbodet. Dette gjer og at det er behov for tidleg varsling av eit tilbod. Meiner det difor er uheldig å endra på denne rutina.

Oppsummert synest det som lirypa tåler ein forsiktig jakt, men at det ikkje bør jaktast på fjellrypa. Jaktstart bør utsetjast.

Gunnar Elnan
sakshandsamar